

## Fin køyring på Fonnes

AUSTRTHEIM: Politiet hadde ein laserkontroll på Fv565 på Fonnes ved halvtida natt til søndag. 15 bilar vart kontrollerte, men ingen køyrd for fort, opplyser politibetjent Lars Geitle ved Nordhordland politidistrikt til Strilen.

## Utan førarkort i Knarvik

Politiet stansa ein mann som køyrd utan førarkort i Knarvik ved eittida natt til laurdag. Dette er ein mann som har vorte teken for same forseelsen fleire gonger, fortel politibetjent Lars Geitle til Strilen.

## Knuffing på Lindås

Litt før klokka tre natt til laurdag fekk politiet melding om at det var krangling mellom gjester på Lindås Brygge. Ein patrulje var i nærleiken, og dei rykte ut og tok med seg ein person eit stykke bort, fortel politibetjent Lars Geitle til Strilen.

## Båt stolen på Radøy

Då ein hytteeigar kom til hytta si på Manger fredag, oppdaga han at båten var stolen. Båten er kvit og 14 fot. Meir står det ikkje i politiloggen, fortel politibetjent Lars Geitle til Strilen. Viss nokon har opplysningar om båten, kan dei kontakta politiet.

## Vil ha obduksjon etter trafikkdød

Alle bilførarar som omkjem i trafikkulukker, bør obduserast for å fastslå dødsårsaka. Det går både Statens vegvesen, Statens havarikommisjon for transport og legar inn for, skriv Statens vegvesen si informasjonsavis «Vegen og vi». Bakgrunnen for dette kravet er at dei etterlatne skal vita kva som førde til ulukka. Ofte er det mistanke om sjølvført dødsfall, og ein obduksjon kan avdekka om det var akutt sjukdom som førde til ulukka.

# - Bygg sjølv!

**KNARVIK:** Det er det klare rådet Frode Skaar har til foreldre til ungdommar med særlege behov.

Av Ketil Tjore

ketil@strilen.no

Skaar er styreleiar i Stallanemarka Burettlag i Knarvik, der det er ti leilegheiter bygd spesielt for menneske med ulike former for nedsett funksjonsevne. Heller enn å venta på at kommunen skulle gje ungdommane eit butilbod, gjekk ei gruppe foreldre saman og bygde sjølv.

– På det tidspunktet var det 14-15 på venteliste hjå kommunen. Me inviterte alle til eit møte, der me såg kva planar kommunen hadde for bustader til utviklingshemma, seier Frode Skaar.

Konklusjonen var kjapt, den gongen i 2006, at kommunen ikkje ville dekka behovet på kort sikt. Dermed gjekk foreldregruppa i gang med å bygga sjølv, og torsdag i førra veke delte Skaar erfaringane deira under eit ope møte i Knarvik.

### – Ville til Knarvik

– Me diskuterte om me skulle venta, eller gjera noko sjølv. Alle ville starta med det same på eit eige prosjekt, fortel Skaar.

Etter tre år med planlegging og bygging kunne ungdommane flytta inn i januar 2009. Burettslaget vart reist i Knarvik, ei passering det var stor semje om.

– Alle ville til Knarvik. Dette er sentralt, og ein plass der ungdommane var kjent etter å ha gått på vidaregåande skule her.

### Måtte ta risken

Nokre skjer i sjøen var det undervegs, mellom anna godtok ikkje overformynderiet at ungdommane som skulle eiga leilegheitene, forplikta seg økonomisk til alt var klart. Det medførte at arkitekten ikkje kunne få betalt for arbeidet før det var klart at bygget vart reist.

– Walde tok byggeoppdraget og gav oss ein pris per leilegheit. I alt har bygget ti leilegheiter, og



**FORTARE I EIGEN LEILEGHEIT:** – Sjå korleis me gjorde det, og knapp inn på ventetida for å få eigen bustad, er Frode Skaar sitt

to fellesareal samt personalbase, seier Skaar.

Dei hadde eit godt samarbeid med kommunen undervegs, heilt frå synfaring og vurdering av ulike tomter, til dagens driftssituasjon der kommunen er leigetakar for arealet til sine tilsette. Sidan dette er personar med nedsett funksjonsevne, får dei dagleg oppfølging, i tillegg til nattevakts på bygget.

– Me hadde ikkje fått til dette

utan eit godt samarbeid med politisk og administrativ leiing i kommunen, sa Skaar, og gav ros til både administrasjonen og politikarane.

### – Brukt som døme

Denne typen bustader får støtte frå Husbanken, og i etterkant av prosjektet har Husbanken også brukt Stallanemarka som døme andre stader.

– Før oss var det berre Tan-

gerudbakken Husbanken visste om og som var utbygd av denne typen prosjekt, seier Skaar og viser til gjengen som har fått eit eige TV-program på TV-Norge.

– På oppfordring frå Husbanken har eg vore rundt fleire stader og fortalt om arbeidet vårt med Stallanemarka.

Husbanken var ikkje oppteken av akkurat kor store leilegheitene var, så lenge finansieringa var OK. Dermed fekk

## KARTONG

Hugs å kjeldesortera sjølv om du har hastverk.

All kartong kan gjenvinnast. Me brukar råvarer om att og sparar miljøet.

**NGIR**  
56 34 33 10 | www.ngir.no

